

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknader	Kommune
613124	Garvik / Gardvik	1	Gardvik	Gard 16	<p>Uttale: <i>gā`lvík</i> (NG 1902; <i>Nøvn vesta åsen</i>, 2009, s. 73).</p> <p>Skriftradisjon: <i>Garvik</i> (matr. 1886, 1904, 1950; ØK 1965; <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i>, 1979, s. 135); <i>Gardvik</i> (N50 1952, 1979, 1995, 2000, 2008). I matrikkelen av 1838 er <i>Garvik</i> (<i>Gardvik</i>) ført opp. I NG, bygdeboka og <i>Nøvn vesta åsen</i> står det at fyrsteleddet kjem av <i>gard</i> i tydinga 'gard' eller 'gjerde'.</p> <p>Høyringsvar: Håkon Garvik, Oddrun Vidvei, Reidar Garvik og Helge Gardli ynskjer skrivemåten <i>Garvik</i>. Dei to sistnemnde skriv at namnet kjem av at Slidrefjorden like ved lagar former i vassoverflata, såkalla «garer». Anne Live G. Garvik og Reidun Garvik Neerland ynskjer skrivemåten <i>Garvik-</i> for adressenamnet <i>Gardvikvegen</i> (laupenr. 10).</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Gardvik</i>.</p> <p>Vurdering: Skrivemåten av slektsnamn skal ikkje påverke skrivemåten av stadnamn. Som dei skriftlege kjeldene hevdar, er det lite truleg at fyrsteleddet i gardsnamnet kjem av noko anna enn <i>gard</i> (gno. <i>garðr</i>). Om det skulle koma av formene i vassflata til Slidrefjorden, er uansett opphavet <i>rð</i>, som gjev tjukk <i>l</i> i det lokale talemålet, og uttaleopplysingane syner klårt at uttala er med tjukk <i>l</i>. I stadnamnloven § 4 fyrste ledd står det at ein skal taka utgangspunkt i den nedervde lokale uttala når ein fastset skrivemåten av eit stadnamn. Skrivemåten <i>Garvik</i> tilseier at uttala er med <i>r</i>, slik som i Narvik, og denne skrivemåten samsvarar dermed ikkje med den nedervde lokale uttala. Vidare i § 4 fyrste ledd står det at skrivemåten skal fylgje gjeldande rettskrivingsprinsipp, og i punkt 3.5 i dei utfyllande reglane står det at <i>rd</i> til vanleg skal nyttast i område med uttala tjukk <i>l</i> av gno. <i>rð</i>. I tråd med dette bør altså fyrsteleddet skrivast <i>Gard-</i>, sidan ein slik skrivemåte fylgjer rettskrivinga og er ein etymologisk korrekt skrivemåte som ikkje skuggar for meiningsinnhaldet. Kartverket vedtek</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					skrivemåten Gardvik i samsvar med den nedervde lokale uttala, Språkrådet si tilråding og norsk rettskriving.	
	Garvik	2	Søre Gardvik	Bruk 16/1	<p>Uttale: Jf. laupenr. 1.</p> <p>Skrifttradisjon: <i>Garvik</i> (matr. 1838, 1886, 1904, 1950); <i>Søre Garvik (Gardar og slekter i Vestre Slidre, 1979, s. 137).</i></p> <p>Høyringsvar: Jf. laupenr. 1.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Gardvik</i> eller <i>Søre Gardvik</i>.</p> <p>Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Søre Gardvik, jf. laupenr. 1. <i>Garvik</i> usamansett blir avslege som namneval.</p>	Vestre Slidre
	Garvik	3	Nørdre Gardvik	Bruk 16/2	<p>Uttale: Jf. laupenr. 1.</p> <p>Skrifttradisjon: <i>Garvik</i> (matr. 1838, 1886, 1904, 1950); <i>Nørdre Garvik (Gardar og slekter i Vestre Slidre, 1979, s. 140).</i></p> <p>Høyringsvar: Ingen.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Gardvik</i> eller <i>Nørdre Gardvik</i>.</p> <p>Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Nørdre Gardvik, jf. laupenr. 1. <i>Garvik</i> usamansett blir avslege som namneval.</p>	Vestre Slidre
	Garvik-jordet	4	Gardvikjordet	Bruk 16/27	<p>Uttale: Jf. laupenr. 1.</p> <p>Skrifttradisjon: Ingen.</p> <p>Høyringsvar: Ingen.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Gardvikjordet</i>.</p> <p>Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Gardvikjordet, jf. laupenr. 1.</p>	Vestre Slidre
613388	Garvikstølen / Gardvikstølen	5	Gardvikstølen	Seter/støl	<p>Uttale: Jf. laupenr. 1.</p> <p>Skrifttradisjon: <i>Gardvikstøl</i> (N50 1952); <i>Garvikstøl</i> (ØK 1965); <i>Garvikstølen</i> (ØK 1965); <i>Gardvikstølen</i> (N50 1981, 1995, 2001, 2009). I <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> (1979, s. 120) og <i>Stølsliv i Vestre Slidre</i> (2018, s. 331) står namnet i bestemd form.</p> <p>Høyringsvar: Ingen.</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Gardvikstølen</i> . Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Gardvikstølen , jf. laupenr. 1.	
	Garvikstølen	6	Gardvikstølen	Bruk 27/2	Uttale: Jf. laupenr. 1. Skrifttradisjon: <i>Garvikstølen</i> (matr. 1886, 1904, 1950). Høyringsvar: Ingen. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Gardvikstølen</i> . Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Gardvikstølen , jf. laupenr. 1.	Vestre Slidre
1017259	Gardvikstølvegen	7		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Gardvikstølvegen</i> .	Vestre Slidre
250452	Gardvikodden / Neset	8	Gardvikodden som sidenamn Gardvikneset som sidenamn Neset som undernamn	Nes	Uttale: [<i>ˈga:tvikødin</i>] [<i>ˈga:tvikne:sə</i>] (Nøvn <i>vesta åsen</i> , 2009, s. 73). Båe skal vera namn på det same neset. Skrifttradisjon: <i>Garviknesset</i> (gradteigsmåling 1927); <i>Neset</i> (ØK 1965); <i>Gardvikodden</i> (N50 1979, 1995, 2000, 2008); <i>Garvikneset</i> (<i>Det var ein gong... Vestre Slidre gjennom hundre år</i> , 2015, s. 65). Høyringsvar: Ingen. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Gardvikodden</i> eller <i>Neset</i> . Vurdering: <i>-odden</i> må skrivast i samsvar med rettskrivinga, jf. laupenr. 50. Kartverket fastset båe dei samansette namna som sidenamn, og <i>Neset</i> som undernamn. Kartverket vedtek skrivemåtene Gardvikodden , Gardvikneset og Neset , jf. laupenr. 1.	Vestre Slidre
128353	Garvikøddin / Gardvikodden	9	Gardvikodden	Nes	Uttale: Jf. laupenr. 1 og 8. Skrifttradisjon: <i>Gardvikodden</i> (N50 1981, 1995, 2001, 2009). Høyringsvar: Ingen. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Gardvikodden</i> . Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Gardvikodden , jf. laupenr. 8.	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
1016756	Gardvikvegen	10		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Gardvikvegen</i> .	Vestre Slidre
249776	Fosheim / Fossheim	11	Fossheim	Gard 70	<p>Uttale: <i>fø`ssei</i> (NG 1902, <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i>, 1979, s. 645).</p> <p>Skriftradisjon: <i>Fosum (Forsheim)</i> (matr. 1838); <i>Fosseim med Fugleim</i> (matr. 1886); <i>Fossheim med Fugleim</i> (matr. 1904); <i>Fosheim med Fugleim</i> (matr. 1950); <i>Fossheim</i> (N50 1952, 1979, 1995, 2000, 2008); <i>Fosheim</i> (ØK 1965). I <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> (1979, s. 645) er garden ført opp som <i>Fossheim</i>. <i>Fossheim</i> blir au bruka i teksten om garden, men det blir poengtert at gardsnamnet har hatt mange ulike skrivemåtar, seinast helst <i>Fossum</i> eller <i>Fosheim</i>. I annan lokal litteratur finn ein både <i>Fosheim</i> og <i>Fossheim</i>. I NG, bygdeboka og <i>Nøvn vesta åsen</i> (2009, s. 299) står det at namnet er samansett av <i>foss</i> + <i>heim</i>, og namnet skal koma av at garden ligg like ved fossen i sørenden av Slidrefjorden.</p> <p>Høyringsvar: Eivind O. Fosheim, Are Berg og Ingebjørg Fosheim ynskjer skrivemåten <i>Fosheim</i>. Ingebjørg Fosheim har au lagt ved fleire dokument der skrivemåten <i>Fosheim</i> er dokumentert. Vestre Slidre fjellstyre ynskjer skrivemåten <i>Fossheim</i>. Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Fossheim</i> frå ho var lita.</p> <p>Tilråding: Språkrådet går gjennom unnataksregelen i § 4 andre ledd i stadnamnloven for å avgjera om det er grunnlag for å fråvike gjeldande rettskriving i fyrsteleddet. Dei konkluderer med at det ikkje er grunnlag for å nytte unnataksregelen i dette tilfellet, og dei tilrår dermed skrivemåten <i>Fossheim</i>. Sjå vedlagd tilråding for Språkrådet sin gjennomgang.</p> <p>Vurdering: Skrivemåten av slektsnamn skal ikkje påverke skrivemåten av stadnamn. Som det står i kjeldene, er namnet samansett av <i>foss</i> + <i>heim</i>. Uttaleopplysingane syner at</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<p>gardsnamnet blir uttala med lang s. Skrivemåten <i>Foss-</i>samsvarar dermed best med uttala (sjå laupenr. 50 om rotvokalen), og han er samstundes i tråd med norsk rettskriving og får meiningsinnhaldet klårt fram. Skrivemåten <i>Fos-</i> er ikkje i samsvar med uttaleopplysningane, ettersom denne skrivemåten tilseier at uttala er med lang o, nett som i Fosen. <i>Fos-</i> er heller ikkje i tråd med norsk rettskriving og kan skugge for meiningsinnhaldet då <i>fos</i> er eit anna ord med ei anna tyding.</p> <p>Skrifttradisjonen er vinglete. I <i>Nøvn vesta åsen</i> (2009, s. 299) ser ein at den eldste skrivemåten me har, er <i>Fossom</i> frå 1334, og namnet blir stort sett skrive med dobbel s i dei eldre kjeldene. På 1800-talet blir skrivemåten med éin s meir vanleg, og dette kjem av at skriftspråket den gong var dansk, med <i>fos</i> som korrekt dansk skrivemåte. I dokumenta Fosheim la ved, ser ein fleire eksempel på dokument og verksemder som nyttar den danske skrivemåten. Skrivemåten <i>Foss-</i> er jamvel dokumentert i 1801, 1886 og på 1900-talet fram til i dag, både i offentlege og lokale kjelder, jf. skriftlege kjelder over. Det er eit faktum at fyrsteleddet i gardsnamnet har blitt skrive både <i>Fos-</i> og <i>Foss-</i> opp gjennom tida, så skrifttradisjonen stør båe skrivemåtane.</p> <p>Lokalt ynskjer nokon skrivemåten <i>Fosheim</i>, andre skrivemåten <i>Fossheim</i>. Som Språkrådet skriv i tilrådinga, må det blant anna vera lang og dominerande tradisjon og stor semje lokalt for å nytte unnataksregelen i § 4. Sidan både skrifttradisjonen og dei lokale ynska er splitta, er det dermed ikkje grunnlag for å vedtaka <i>Fosheim</i>.</p>	

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					Når det gjeld sisteleddet, samsvarar ikkje <i>-heim</i> med uttaleopplysningane. Men sidan denne skrivemåten samsvarar med rettskrivinga, får meiningsinnhaldet klårt fram og er ynskt lokalt, er det mest rimeleg å vedtaka denne. Kartverket vedtek skrivemåten Fossheim i samsvar med Språkrådets tilråding og norsk rettskriving.	
	Fossheim	12	Fossheim	Bruk 70/1	Uttale: Jf. laupenr. 11. Skrifttradisjon: <i>Fosum og Fuglen</i> (matr. 1838); <i>Fosseim</i> (matr. 1886); <i>Fossheim</i> (matr. 1904, <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> , 1979, s. 650); <i>Fosheim</i> (matr. 1950). Høyringsvar: Jf. laupenr. 11. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Fossheim</i> . Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Fossheim , jf. laupenr. 11.	Vestre Slidre
373373	Fossheimstølen	13	Fossheimstølen	Seter/støl	Uttale: <i>fõ`ssɛistøɫɛn</i> (heradsregisteret 1952). Skrifttradisjon: <i>Fossheimstølen</i> (N50 1952, 1982, 1993, 2001, 2009; ØK 1983; <i>Stølsliv i Vestre Slidre</i> , 2018, s. 278). Høyringsvar: Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Fossheimstølen</i> frå ho var lita. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Fossheimstølen</i> . Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Fossheimstølen , jf. laupenr. 11.	Vestre Slidre
492756	Fosheim seter / Fosheim sæter / Fossheimsæter / Nystøl	14	Fossheim sæter	Bruk 70/2	Uttale: Jf. laupenr. 11. Skrifttradisjon: <i>Nystølen</i> (matr. 1904, 1950); <i>Fosheim sæter</i> (matr. 1950); <i>Fossheimsr</i> (N50 1952); <i>Fosheim Seter</i> (ØK 1967); <i>Fosheim Sæter</i> (<i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> , 1979, s. 648); <i>Fossheimsæter</i> (N50 1979, 1995, 2000, 2008). Høyringsvar: Grunneigar Geir Fosheim ynskjer skrivemåten <i>Fosheim Sæter</i> , og han syner til eit par dokument som har denne skrivemåten. Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Fossheim seter</i> frå ho var lita.	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknader	Kommune
					<p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Fossheim sæter</i>.</p> <p>Vurdering: I dagens matrikkel er 70/3 <i>Fosheim seter</i> utgått, og eignedomen er slegen saman med 70/2. Sidan grunneigar ynskjer <i>Fosheim Sæter</i> som bruksnamn, fastset me dette som namn på brukseigedomen. Samstundes skil me ut <i>Nystøl</i> som eit eige namneobjekt, sjå laupenr. 15. Når det gjeld skrivemåten, får <i>Fossheim</i> same skrivemåte som i primærnamnet, jf. laupenr. 11. <i>Seter</i> er ikkje eit nytta namneledd i Vestre Slidre, her seier ein <i>støl</i>. <i>Sæter</i> verkar ikkje vera eit stadnamn i seg sjølv, og dermed bør det skrivast med liten forbokstav. <i>Sæter</i> er ikkje ei gjeldande rettskrivingsform, men det var det før 2012. Punkt 3.8 i dei utfyllande reglane opnar dessutan for at gamalnorske trekk som er bevarte i dialektar, kan visast i skrivemåten, jf. gno. <i>sætr</i>. Kartverket vedtek skrivemåten Fossheim sæter i samsvar med Språkrådet si tilråding.</p>	
1089586	Nystøl / Nystølen	15	Nystølen	Gamal busetjingsplass	<p>Uttale: Ingen opplysningar.</p> <p>Skrifttradisjon: <i>Nystølen (Gardar og slekter i Vestre Slidre, 2001, s. 648)</i>. Sjå au laupenr. 14.</p> <p>Høyringsvar: Ingen.</p> <p>Tilråding: Ingen.</p> <p>Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Nystølen.</p>	Vestre Slidre
405771	Fossheimstølbekken	16	Fossheimstølbekken	Bekk	<p>Uttale: Jf. laupenr. 13.</p> <p>Skrifttradisjon: <i>Fossheimstølbekken (ØK 1967)</i>.</p> <p>Høyringsvar: Ingen.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Fossheimstølbekken</i>.</p> <p>Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Fossheimstølbekken, jf. laupenr. 13.</p>	Vestre Slidre
774248	Fossheim	17		Bru	<p>Fylkeskommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Fossheim</i>.</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
1016887	Fosheimvegen	18		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Fosheimvegen</i> .	Vestre Slidre
	Fosheim-Svedalen	19	Fossheim-Svedalen	Grunnkrins	Uttale: Jf. laupenr. 11. Skrifttradisjon: Jf. laupenr. 11. Høyringsvar: Jf. laupenr. 11. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Fossheim</i> . Vurdering: Saka gjeld ikkje skrivemåten av Svedalen. Kartverket vedtek skrivemåten Fossheim , jf. laupenr. 11.	Vestre Slidre
68850	Mo	20	Mo	Gard 61	Uttale: <i>mó</i> (NG 1902). Skrifttradisjon: <i>Mo</i> (matr. 1838, 1886, 1904, 1950; N50 1952, 1979, 1995, 2000, 2008; ØK 1965; <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> , 2001, s. 537). Høyringsvar: Steinar Nevland, Per Håvar Moe Nevland, Knut Berge og Vestre Slidre fjellstyre skriv namnet <i>Mo</i> . Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mo</i> . Vurdering: Namnet kjem av <i>mo</i> m. 'flate, slette langs eit vassdrag'. Kartverket vedtek skrivemåten Mo i samsvar med uttaleopplysningane, skrifttradisjonen, Språkrådet si tilråding, norsk rettskriving og lokale ynske.	Vestre Slidre
	Skog / Mo skog	21	Mo skog	Bruk 61/1	Uttale: Ingen opplysningar. Skrifttradisjon: <i>Skov</i> (matr. 1886); <i>Skog</i> (matr. 1904, 1950). Høyringsvar: Ingen. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåtane <i>Skog</i> eller <i>Mo skog</i> . Vurdering: <i>Skog</i> er nok berre eit appellativ i matriklane. Språkrådet sitt forslag er i tråd med eit meir presist namngjevingsprinsipp som er bruka mange stadar i matrikkelen. Kartverket vedtek skrivemåten Mo skog i samsvar med Språkrådet si tilråding.	Vestre Slidre
	Mo	22	Mo som hovudnamn	Bruk 61/2	Uttale: [" <i>upisto:go</i> , " <i>upi</i> " " <i>sto:gun</i>] (<i>Nøvn vesta åsen</i> , 2009, s. 247).	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
			Uppistogo Mo som undernamn		<p>Skrifttradisjon: <i>Mo</i> (matr. 1838, 1886, 1904, 1950; <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i>, 2001, s. 543).</p> <p>Høyringsvar: Grunneigar Per Håvar Moe Nevland brukar namnet <i>Mo</i> om bruket sitt.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mo</i>.</p> <p>Vurdering: Grunneigar ynskjer skrivemåten <i>Mo</i>. Det er au <i>Mo</i> som blir bruka i dei skriftlege kjeldene, så dette namnet blir fastsett som hovudnamn. Me vel å fastsetje det munnlege namnet som undernamn, då dette truleg er eit gardens namn på bruket. Etter rettskrivinga bør fyrsteleddet skrivast <i>Opp-</i>, men punkt 3.8 i dei utfyllande reglane opnar for at gamalnorske trekk som elles har falle bort i norsk, kan visast i skrivemåten når dialekten har bevart trekket, jf. gno. <i>upp</i>. Angåande sisteleddet opnar punkt 3.2 i dei utfyllande reglane for at vokalane i jamvektsformer kan skrivast i samsvar med dialektuttala. Punkt 3.8 opnar som sagt for gamalnorske trekk, jf. gno. <i>stoga</i>. For å ikkje forveksle <i>Uppistogo</i> med andre «oppistover» bør gardsnamnet <i>Mo</i> au stå etter <i>Uppistogo</i>. Kartverket vedtek skrivemåten Mo, jf. laupenr. 20, og skrivemåten Uppistogo Mo i samsvar med uttaleopplysninga.</p>	
	Mo	23	Mo som hovudnamn Nedistogo Mo som undernamn	Bruk 61/3	<p>Uttale: [“ni:əsto:go, “ni:ə “sto:gun] (<i>Nøvn vesta åsen</i>, 2009, s. 247).</p> <p>Skrifttradisjon: <i>Mo</i> (matr. 1886, 1904, 1950; <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i>, 2001, s. 543).</p> <p>Høyringsvar: Jf. laupenr. 20.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mo</i>.</p> <p>Vurdering: Kartverket fastset <i>Mo</i> som hovudnamn og det munnlege namnet som undernamn av same grunnar som i laupenr. 22. <i>Ned-</i> er eit ålment ord som bør fylgje rettskrivinga, mens sisteleddet kan skrivast <i>-stogo</i>, jf. laupenr.</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					22. Kartverket vedtek skrivemåten Mo , jf. laupenr. 20, og skrivemåten Nedistogo Mo , jf. løpenr. 22.	
	Mosæter	24	Mørkastølen som hovudnamn	Bruk 61/8	<p>Uttale: Ingen opplysningar.</p> <p>Skriftradisjon: <i>Mosæter</i> (matr. 1886, 1904, 1950). Ifylgje <i>Nøvn vesta åsen</i> (2009, s. 445) kjem fyrsteleddet i <i>Mørkastølen</i> av gno. <i>mørk</i> f. som svarar til dagens <i>mark</i>. I <i>Stølsliv i Vestre Slidre</i> (2018) er <i>Mørkastølen</i> bruka om fleire andre stølar med same namn.</p> <p>Høyringsvar: Vestre Slidre fjellstyre har lagt ved eit kartutsnitt med namn dei sjølve har kartfesta. Namnet dei har sett på stølen er <i>Mørkastølen</i>.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mørkastøl</i>.</p> <p>Vurdering: Sidan eigar har ført opp <i>Mørkastølen</i> i kartet sitt, fastset me dette som bruksnamn. Fyrsteleddet kan skrivast <i>Mark-</i> i samsvar med rettskrivinga, men det er ikkje tradisjon for dette, og ein slik skrivemåte vil ikkje vera i samsvar med den antekne uttala av namnet. Sisteleddet står i bestemd form i dei lokale kjeldene, så skrivemåten bør fylgje dette. Kartverket vedtek skrivemåten Mørkastølen i samsvar med dei lokale opplysningane. <i>Mosæter</i> blir avslege som namneval.</p>	Vestre Slidre
	Mo	25	Mo	Bruk 61/12	<p>Uttale: Jf. laupenr. 20.</p> <p>Skriftradisjon: <i>Mo</i> (matr. 1886, 1904, 1950).</p> <p>Høyringsvar: Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Mo</i> frå ho var lita.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mo</i>.</p> <p>Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Mo, jf. laupenr. 20.</p>	Vestre Slidre
	Mo	26	Mo	Bruk 61/13	<p>Uttale: Jf. laupenr. 20.</p> <p>Skriftradisjon: <i>Mo</i> (matr. 1886, 1904, 1950).</p> <p>Høyringsvar: Jf. laupenr. 20.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mo</i>.</p> <p>Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Mo, jf. laupenr. 20.</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
	Mo	27	Mo	Bruk 61/14	Uttale: Jf. laupenr. 20. Skriftradisjon: <i>Mo</i> (matr. 1886, 1904, 1950). Høyringsvar: Jf. laupenr. 20. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mo</i> . Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Mo , jf. laupenr. 20.	Vestre Slidre
	Mo	28	Mo	Bruk 61/15	Uttale: Jf. laupenr. 20. Skriftradisjon: <i>Mo</i> (matr. 1886, 1904, 1950). Høyringsvar: Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Mo</i> frå ho var lita. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mo</i> . Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Mo , jf. laupenr. 20.	Vestre Slidre
708970	Mo / Mosjordet	29	Mosjordet	Bruk 61/16	Uttale: [<i>'mosjo:té</i>] (<i>Nøvn vesta åsen</i> , 2009, s. 250). Skriftradisjon: <i>Mo</i> (matr. 1886, 1904, 1950); <i>Mosjordet</i> (ØK 1965; <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> , 2001, s. 544). Høyringsvar: Steinar Nevland kallar bruket <i>Mosjordet</i> . Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mosjordet</i> . Vurdering: I punkt 3.5 i dei utfyllande reglane står det at <i>rd</i> til vanleg skal nyttast i område med tjukk <i>l</i> av gno. <i>rð</i> . Kartverket vedtek skrivemåten Mosjordet i samsvar med den nedervde lokale uttala, Språkrådet si tilråding, norsk rettskriving og lokalt ynske. <i>Mo</i> blir avslage som namneval.	Vestre Slidre
1087864	Hagen / Moshagen	30	Moshagen som hovudnamn Hagen som undernamn	Bruk 61/17	Uttale: <i>ha`ginn</i> (NG 1902); [<i>'mosha:gjn, -ha:ga</i>] (<i>Nøvn vesta åsen</i> , 2009, s. 250). Skriftradisjon: <i>Hagen</i> (matr. 1838, 1886, 1904, 1950; N50 1952); <i>Moshagen</i> (<i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> , 2001, s. 545). Høyringsvar: Grunneigar Per Håvar Moe Nevland kallar bruket <i>Moshagen</i> . Det same gjer Steinar Nevland. Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Moshagen</i> frå ho var lita. Tilråding: Ifylgje Språkrådet har grunneigar au skrive at både <i>Haga</i> og <i>Moshaga/-en</i> blir bruka i daglegtala, men at han	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknader	Kommune
					føretrekkjer <i>Moshagen</i> i skriftleg form. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Moshagen</i> . Vurdering: Sidan grunneigar ynskjer det samansette namnet, fastset me dette som hovudnamn. Me fastset det usamansette namnet som undernamn sidan det au er i levande bruk. Vanlig praksis ved normering er å bruke nemneforma i staden for dativforma. Kartverket vedtek skrivemåtane Moshagen og Hagen i samsvar med skrifttradisjonen, Språkrådet si tilråding og norsk rettskriving.	
	Braaten eller Bakken	31	Mosbråten som hovudnamn Bråten som undernamn	Bruk 61/21	Uttale: [‘ <i>mosbrø:tin</i> , - <i>brø:ta</i>] (<i>Nøvn vesta åsen</i> , 2009, s. 252). Skrifttradisjon: <i>Brotten eller Bakken</i> (matr. 1838); <i>Braaten eller Bakken</i> (matr. 1886, 1904); <i>Bråten eller Bakken</i> (matr. 1950); <i>Mosbråten</i> (<i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> , 2001, s. 554). I bygdeboka blir au <i>Bråten</i> bruka. Høyringsvar: Ifylgje Språkrådet ynskjer grunneigaren skrivemåten <i>Mosbråten</i> . Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mosbråten</i> . Vurdering: Sidan grunneigaren ynskjer <i>Mosbråten</i> som skrivemåte, fastset me dette som hovudnamn. Det ser au ut til at <i>Bråten</i> blir bruka, så me fastset dette som undernamn. Kartverket vedtek skrivemåten Mosbråten i samsvar med Språkrådet si tilråding, norsk rettskriving og lokalt ynske, og skrivemåten Bråten i samsvar med norsk rettskriving. Matrikkelforma blir avselege som namneval.	Vestre Slidre
370848	Mosbråten	32	Mosbråten som hovudnamn Bråten som undernamn	Bruk 16/26	Uttale: [‘ <i>mosbrø:tin</i> , - <i>brø:ta</i>] (<i>Nøvn vesta åsen</i> , 2009, s. 252). Skrifttradisjon: <i>Mosbraaten</i> (matr. 1904); <i>Mosbråten</i> (matr. 1950; ØK 1965; N50 1979, 1995, 2000, 2008). Høyringsvar: Ifylgje Språkrådet ynskjer grunneigar skrivemåten <i>Mosbråten</i> . Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mosbråten</i> .	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåtane Mosbråten og Bråten , jf. løpenr. 31.	
312745	Movatn / Movatnet / Mosvatnet	33	Mosvatnet	Vatn	<p>Uttale: <i>mō'ssvattne</i> (<i>Norske innsjønamn I</i>, 1924, s. 139); <i>mō'vat'n</i> (heradsregisteret 1952).</p> <p>Skriftradisjon: <i>Movatn</i> (N50 1952, 1982, 1993, 2001, 2009; ØK 1983). Ifylgje <i>Norske innsjønamn</i> av Gustav Indrebø kjem namnet av garden Mo (laupenr. 20) etter at eigarane der i si tid skal ha gjort krav på vatnet. I <i>Stølsliv i Vestre Slidre</i> (2018, s. 169) står det at alle kvithaugingane kallar heile vatnet <i>Kvithaugfjorden</i>. Elles i den lokale litteraturen blir namnet skrivne både med og utan s og i ubestemd og bestemd form.</p> <p>Høyringsvar: Torleif Ringsaker ynskjer <i>Movatnet</i>, og han skriv at han aldri har høyrte at vatnet blir kalla <i>Mosvatnet</i>. Han har derimot høyrte at <i>Kvithaugfjorden</i> blir bruka, helst om nordre delen av vatnet. Nils Brandt skriv at ein lokalt brukar <i>Kvithaugfjorden</i> om vatnet, alternativt <i>Movatnet</i>. <i>Mosvatnet</i> har han aldri høyrte bruka. Eyvind Lome har berre høyrte <i>Movatnet</i> eller <i>Kvithaugfjorden</i> bli bruka. Nils-Olav Tilden har prata med fleire eldre i bygda, og meiner <i>Movatn</i> er korrekt skrivemåte og i tråd med dialekten. Bjarne Lome skriv at <i>Mosvatn</i> er feil. Han skriv at <i>Movatn</i> er akseptabelt, men føreslår at namnet heller blir <i>Kvithaugfjorden</i>. Marit Lome ynskjer <i>Movatnet</i>.</p> <p>Vestre Slidre fjellstyre ynskjer skrivemåten <i>Mosvatn(et)</i>. Dei skriv at <i>Mos-</i> gjennomgåande blir bruka i samansetningar med gardsnamnet Mo. Dei skriv au at skrivemåten blei <i>Mos-</i> i turkartet dei laga saman med historielaget. Per Håvar Moe Nevland skriv at den lokale uttala er <i>Mosvatnet</i>, og påpeikar at andre avleidde namn av Mo har <i>Mos-</i>. Steinar Nevland skriv det same. Odd Steinar Kirkeengen skriv at dei på Vika alltid har</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<p>bruka <i>Mosvatnet</i>. Det same skriv Ola Magne Vika. Knut Berge skriv at dei gamle på staden alltid sa <i>Mosvatnet</i>. Finn Hesselberg skriv at namn på vatn og liknande varierer over tid, men at ein bør bruke det namnet som faktisk er i bruk i dag, nemleg <i>Mosvatnet</i>. Han nemner au at <i>Kvithaugfjorden</i> blir bruka som namn på vatnet. Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Mosvatnet</i> frå ho var lita.</p> <p>Tilråding: Språkrådet skriv at det må reisast namnesak på namnet <i>Kvithaugfjorden</i> før det kan takast i bruk, sidan primærnamnet er registrert med <i>Kvithaug</i>, <i>Kvitehaug</i> og <i>Kvitehaugen</i> i SSR. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mosvatnet</i>, då dette er den eldste dokumenterte uttala som framleis er i bruk.</p> <p>Vurdering: Skriftradisjonen og uttaleopplysningane talar ikkje klårt for korkje <i>Movatn(et)</i> eller <i>Mosvatn(et)</i>. Høyringsvara syner at det er lokal usemje om kva som er den korrekte skrivemåten, og det verkar som om både <i>Movatnet</i> og <i>Mosvatnet</i> er i bruk. Eit fleirtal ynskjer derimot bestemd form. Som Språkrådet skriv, talar den eldste dokumenterte uttaleopplysninga for skrivemåten <i>Mosvatnet</i>. I tillegg er det eit gjennomgåande mønster at andre avleidde namn av gardsnamnet Mo har binde-s. Basert på dette vedtek Kartverket skrivemåten Mosvatnet i samsvar med Språkrådet si tilråding. Me legg au inn <i>Kvithaugfjorden</i> som føreslege undernamn på vatnet i SSR, slik at det ev. kan formaliserast for offentleg bruk seinare.</p>	
466659	Mosbekken	34	Mosbekken	Bekk	<p>Uttale: Ingen opplysningar.</p> <p>Skriftradisjon: <i>Mosbekken</i> (ØK 1983; <i>Nøvn vesta åsen</i>, 2009, s. 410).</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<p>Høyringsvar: Per Håvar Moe Nevland kallar bekken <i>Mosbekken</i>. Steinar Nevland gjer det same. Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Mosbekken</i> frå ho var lita.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mosbekken</i>.</p> <p>Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Mosbekken i samsvar med skriftradisjonen, Språkrådet si tilråding, norsk rettskriving og lokale ynske.</p>	
492806	Mostølen / Mosstølen	35	Mosstølen	Seter/støl	<p>Uttale: Ingen opplysningar.</p> <p>Skriftradisjon: <i>Mostøl</i> (N50 1952); <i>Mo støl</i> (ØK 1965); <i>Mostølen</i> (N50 1979, 1995, 2000, 2008); <i>Mosstølen</i> (<i>Nøvn vesta åsen</i>, 2009, s. 410).</p> <p>Høyringsvar: Per Håvar Moe Nevland driv stølen, og han kallar stølen for <i>Mosstølen</i>. Steinar Nevland kallar au stølen <i>Mosstølen</i>.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mosstølen</i>.</p> <p>Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Mosstølen i samsvar med Språkrådet si tilråding, norsk rettskriving og lokale ynske.</p>	Vestre Slidre
344654	Mostølen / Mosstølen	36	Mosstølen	Seter/støl	<p>Uttale: Ingen opplysningar.</p> <p>Skriftradisjon: <i>Mostølen</i> (ØK 1983). Jf. laupenr. 35.</p> <p>Høyringsvar: Jf. laupenr. 35. Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Mosstølen</i> frå ho var lita.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mosstølen</i>.</p> <p>Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Mosstølen, jf. laupenr. 35.</p>	Vestre Slidre
917853	Mosåne / Mosåni	37	Mosåne	Elv	<p>Uttale: Ingen opplysningar.</p> <p>Skriftradisjon: <i>Mosaani</i> (N50 1952); <i>Mosåne</i> (ØK 1965); <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i>, 2001, s. 537); <i>Mosåni</i> (N50 1979, 1995, 2000, 2008).</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknader	Kommune
					<p>Høyringsvar: Per Håvar Moe Nevland kallar elva <i>Mosåne</i>. Det same gjer Steinar Nevland. Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Mosåne</i> frå ho var lita.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mosåne</i>.</p> <p>Vurdering: Skrivemåten <i>-åne</i> er ikkje i tråd med rettskrivinga, men punkt 4.1.5 opnar for at sterke hokjønnsord kan ha endinga <i>-ne</i> i bunden form eintal når særlege grunnar talar for det. I Vestre Slidre er det allereie vedteke skrivemåtar med <i>-åne</i> i SSR, og det finst ingen skrivemåtar med <i>-åa</i>. Kartverket vedtek skrivemåten Mosåne i samsvar med Språkrådet si tilråding og lokale ynske.</p>	
371853	Kyrkjeruin / Mo kyrkjeruin	38	Moskyrkja	Sjåverdige stad	<p>Uttale: Ingen opplysningar.</p> <p>Skrifttradisjon: <i>Mo kyrkjeruin</i> (ØK 1965); <i>Kyrkjeruin</i> (N50 1979, 1995); <i>Moskyrkja</i> (<i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> (2001, s. 537; <i>Årbok for Valdres</i> vol. 83, 2006, s. 167).</p> <p>Høyringsvar: Ingen.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Moskyrkja</i>.</p> <p>Vurdering: Dei kartfesta namna verkar som å vera nemningar meir enn namn. Me avslår desse som namneval. Kartverket vedtek skrivemåten Moskyrkja i samsvar med Språkrådet si tilråding, norsk rettskriving og dei lokale opplysningane.</p>	Vestre Slidre
1016204	Gamle Mosvegen	39		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Gamle Mosvegen</i> .	Vestre Slidre
1017236	Mosvegen	40		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mosvegen</i> .	Vestre Slidre
1016208	Mosgoto	41		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mosgoto</i> .	Vestre Slidre
1087589	Mosflata	42		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Mosflata</i> .	Vestre Slidre
432769	Kåta / Kota / Køta	43	Køta	Gard 72	Uttale: <i>kø`ta</i> (NG 1902; <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> , 2001, s. 666; <i>Nøvn vesta åsen</i> , 2009, s. 308).	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<p>Skriftradisjon: <i>Kaata</i> (matr. 1838, 1886, 1904; ØK 1965); <i>Kåta</i> (matr. 1950; N50 1979, 1995, 2000, 2008); <i>Kota</i> (N50 1952). I NG står det at namnet kjem av *<i>kotar</i> f. som er fleirtal av <i>kot</i> n. 'hytte, lite hus'. I <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> (2001, s. 666) er <i>Køta</i> ført opp, men det står at namnet au blir skrive <i>Kåta</i> og <i>Kaata</i>.</p> <p>Høyringsvar: Vestre Slidre fjellstyre ynskjer skrivemåten <i>Køta</i>, og dette skal vera det som blir oppfatta som rett på folkemunne. <i>Køta</i> er au skrivemåten i turkartet som er laga saman med historielaget. Anne Berit Strømmen Strand skriv at namnet blir uttala som <i>Køta</i>, og at bygda tykkjer dette er rett skrivemåte å bruke. Ho skriv au at eigaren bruka <i>Kåta</i> tidlegare, men at dette har blitt endra seinare. Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Køta</i> frå ho var lita.</p> <p>Tilråding: Språkrådet skriv at skriftradisjonen talar for <i>Kåta</i>, men at denne skrivemåten ikkje er i samsvar med opphavet eller uttala til namnet. Lokalt er det heller ikkje ynske om denne skrivemåten. Vidare skriv Språkrådet at det ikkje er mogleg å gjeva namnet ein skrivemåte som samsvarar med gjeldande rettskriving når opphavet er gno. <i>kot</i> 'lite hus'. Hovudregelen er at ålment kjende ord skal fylgje rettskrivinga, men <i>kott</i> i tydinga 'lite hus' er neppe ålment kjent i dag. Dette gjev større høve for å velje ein skrivemåte som samsvarar med lokal uttale, og Språkrådet tilrår derfor skrivemåten <i>Køta</i>.</p> <p>Vurdering: Me er einige med Språkrådet om at <i>Kåta</i> ikkje bør vedtakast som skrivemåte av gardsnamnet. I dagens rettskriving finst berre ordet <i>kott</i>. Å bruke denne skrivemåten som avvik så sterkt frå uttala av namnet, er heilt urimeleg. Løysinga må vera å leggje skrivemåten tett opp til uttala. Kartverket vedtek skrivemåten Køta i samsvar med den nedervde lokale uttala, Språkrådet si tilråding og lokale ynske.</p>	

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
	Kåta	44	Køta	Bruk 72/1	<p>Uttale: Jf. laupenr. 43.</p> <p>Skrifttradisjon: <i>Kaata</i> (matr. 1838, 1886, 1904); <i>Kåta</i> (matr. 1950); <i>Køta</i> (<i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i>, 2001, s. 668).</p> <p>Høyringsvar: Ola J. Fauske skriv at korrekt skrivemåte er <i>Kaata</i> eller <i>Kaatha</i>.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Køta</i>.</p> <p>Vurdering: I § 5 andre ledd i stadnamnloven står det at vedtak om skrivemåten av gardsnamn som hovudregel skal vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet. Som fylgje av dette vedtek Kartverket skrivemåten Køta, jf. laupenr. 43.</p>	Vestre Slidre
128829	Kotaplassen	45	Køtaplassen	Gamal busetjingsplass	<p>Uttale: [ˈkø:taplasˈn, -plase] (<i>Nøvn vesta åsen</i>, 2009, s. 359).</p> <p>Skrifttradisjon: <i>Kotaplassen</i> (N50 1979, 1995, 2000, 2008); <i>Køtaplassen</i> (<i>Årbok for Valdres</i> vol. 70, 1993, s. 239; <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i>, 2001, s. 776). I årboka står det au at <i>Køtaplassen</i> ikkje kjem av gardsnamnet <i>Køta</i> (laupenr. 43).</p> <p>Høyringsvar: Ingen.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Køtaplassen</i>.</p> <p>Vurdering: Uansett om namnet kjem av gardsnamnet <i>Køta</i> eller ikkje, er det same ordet som ligg til grunn. Kartverket vedtek skrivemåten Køtaplassen av same grunnar som for laupenr. 43 og i samsvar med Språkrådet si tilråding.</p>	Vestre Slidre
1016373	Køta	46		Adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Køta</i>.</p>	Vestre Slidre
1088049	Køtastølen	47	Køtastølen	Seter/støl	<p>Uttale: [ˈkø:tastø:lˈn] (<i>Nøvn vesta åsen</i>, 2009, s. 308).</p> <p>Skrifttradisjon: I seternamnarkivet er <i>Køtastølen</i> i <i>Svedale</i> ført opp.</p> <p>Høyringsvar: Ingen.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Køtastølen</i>.</p> <p>Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Køtastølen, jf. laupenr. 43.</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknader	Kommune
1016065	Køstastølvegen	48		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Køstastølvegen</i> .	Vestre Slidre
	Køstavegen	49		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmynde. Anne Berit Strømme Strand ynskjer skrivemåten <i>Køstavegen</i> slik at adressenamnet ikkje blir blanda saman med vegleia <i>Køstavegen</i> , som brukarane på Køta nytta opp til Køstastølen. Språkrådet skriv at både <i>Køstavegen</i> og <i>Køstavegen</i> er greie skrivemåtar.	Vestre Slidre
1087850	Trollhovd	50	Trollhovd	Seter/støl	<p>Uttale: Ingen opplysningar.</p> <p>Skriftradisjon: Sjå laupenr. 51 og 53.</p> <p>Høyringsvar: Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Trøllhovd</i> frå ho var lita. Sjå au laupenr. 51.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Trollhovd</i>.</p> <p>Vurdering: Namnet er samansett av <i>troll</i> + <i>hovd</i>. Dette er to ålment kjente ord, og hovudregelen er at ålment kjente ord skal fylgje gjeldande rettskriving, jf. § 1 i forskrift om stadnamn. Høyringsvara tyder på at rotvokalen i baa namneledda er /ø/, noko som er venta sidan det lokale talemålet har ø for gno. kort o. I den gjeldande rettskrivinga blir ord som opphavleg inneheldt ein kort o, normerte med ø. Dette gjer at meiningsinnhaldet kjem klårt fram, og ein slik skrivemåte dekkjer for dei ulike realiseringane av kort o i dei forskjellige dialektane. På same måte som skrivemåten <i>foss</i> blir uttala <i>fåss</i> med å, ikkje ø, i visse dialektar, vil <i>foss</i> bli uttala <i>føss</i> i Valdres. Det er ein generell fonologisk regel i valdresmålet at kort o blir uttala som ø, og skrivemåten <i>Trollhovd</i> kan såleis representere den lokale uttala på ein dekkjande måte. På bakgrunn av dette ser me ingen grunn til å vike frå hovudregelen om skrivemåten av ålment kjente ord. Kartverket vedtek skrivemåten Trollhovd i samsvar med Språkrådet si tilråding og norsk rettskriving.</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
67797	Trollhovd, nordre / Nørdre Trollhovd / Nørre Trøllhøvd	51	Nørdre Trollhovd	Seter/støl	<p>Uttale: Ingen opplysningar.</p> <p>Skrifttradisjon: <i>n(ordre) Trollh(ov)d</i> (gradteigskart 1936; N50 1952, 1979, 1995, 2000, 2008). I <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> (2001) er <i>N(ørre) Trøllhøvd</i> nemnt fleire vender. I <i>Støsliv i Vestre Slidre</i> (2018, frå s. 231) står <i>Nørre Trøllhøvd</i>.</p> <p>Høyringsvar: Vestre Slidre fjellstyre ynskjer skrivemåten <i>Nørre Trøllhøvd</i>. I turkartet som historielaget har vore med å laga, er <i>Nørdre</i> gjennomgåande bruka, men fjellstyret meiner <i>Nørre</i> er eit meir bruka lokalt uttrykk. Kjetil Hamre og Kristin Bråten Tvenge ynskjer skrivemåten <i>Nørre Trøllhøvd</i>. Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Nørre Trøllhøvd</i> frå ho var lita.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Nørdre Trollhovd</i>.</p> <p>Vurdering: Retningsleddet er eit ålment kjent ord som bør fylgje rettskrivinga. I SSR er det <i>Nørdre</i> som er utbreitt som skrivemåte i Vestre Slidre. Kartverket vedtek skrivemåten Nørdre Trollhovd, jf. laupenr. 50.</p>	Vestre Slidre
	Nørdre Trollhovd / Nørre Trøllhøvd	52		Adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Nørdre Trollhovd</i>.</p>	Vestre Slidre
371793	Trollhovd, søre / Søre Trollhovd / Sørre Trollhovd	53	Søre Trollhovd	Seter/støl	<p>Uttale: Ingen opplysningar.</p> <p>Skrifttradisjon: <i>s(øre) Trollh(ov)d</i> (gradteigskart 1936; N50 1952, 1979, 1995, 2000, 2008). I <i>Gardar og slekter i Vestre Slidre</i> (2001) er <i>S(øre) Trøllhøvd</i> nemnt fleire vender. I <i>Støsliv i Vestre Slidre</i> (2018, frå s. 231) står <i>Sørre Trøllhøvd</i>.</p> <p>Høyringsvar: Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Sørre Trøllhøvd</i> frå ho var lita. Sjå au laupenr. 51.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Søre Trollhovd</i>.</p> <p>Vurdering: Retningsleddet er eit ålment kjent ord som bør fylgje rettskrivinga. I SSR er det <i>Søre</i> som er utbreitt som skrivemåte i Vestre Slidre. Kartverket vedtek skrivemåten Søre Trollhovd, jf. laupenr. 50.</p>	Vestre Slidre

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknader	Kommune
	Trollhovd	54	Trollhovd	Grunnkrins	<p>Uttale: Jf. laupenr. 50. Skriftradisjon: Jf. laupenr. 50. Høyringsvar: Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Trøllhøvd</i> frå ho var lita. Sjå au laupenr. 51. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Trollhovd</i>. Vurdering: Kartverket vedtek skrivemåten Trollhovd, jf. laupenr. 50.</p>	Vestre Slidre
856808	Storhovd / Storhøvda	55	Storhovda	Fjell	<p>Uttale: Ingen opplysningar. Skriftradisjon: <i>Storh(ov)d</i> (N50 1952, 1979, 1995, 2000, 2008; ØK 1965). Høyringsvar: Ragnhild Sundheim skriv at ho har høyrte <i>Storhøvda</i> frå ho var lita. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Storhovda</i>. Vurdering: Høyringsvaret syner at namnet har bestemd form. Sisteledet bør skrivast med <i>o</i>, jf. laupenr. 50. Kartverket vedtek skrivemåten Storhovda i samsvar med Språkrådet si tilråding og norsk rettskriving.</p>	Vestre Slidre
	Storhovdvegen / Storhøvdvegen	56		Adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Storhovdvegen</i>.</p>	Vestre Slidre